

VEDLEGG 4 - OPPDRAGSBESKRIVELSE

A. Bakgrunn for anbudet

Departementet foreslår å lovfeste ei plikt for fylkeskommunane til å sørge for eit karriererettleiingstilbod som er ope for heile befolkninga som er busett i fylket.

Frå høyringsnotatet /Forslag til endringar i opplæringslova:

«Forslag til ny bestemmelse i opplæringsloven om karriereveiledning

Utkast til lov [dato] om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa I I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa skal ny § 13-3e lyde:

§ 13-3e Karriererettleiing Alle fylkeskommunar skal ha eit tilbod om karriererettleiing. Tilbodet skal være gratis og åpent for befolkninga i fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal samarbeide med Arbeids- og velferdsetaten om tilbodet etter første leddet.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om innhaldet i og organiseringa og omfanget av tilbodet om karriererettleiing».

Denne lova er meldt vedtatt i Stortinget oktober 2020 med verknad frå 1.1.2021

Samtidig vil det i løpet av hausten 2020 bli vedtatt ein ny integreringslov som vil medføre at Karriere Møre og Romsdal skal karriererettleie personar som er i målgruppa for introduksjonsprogram.

Forslag til ny lov:

“ § 11 Karriereveiledning

Personer som omfattes av § 8 første ledd, har rett og plikt til å gjennomføre karriereveiledning.

Karriereveiledningen skal bygge på kompetansekartleggingen etter §§ 6 eller 10, og bør gjennomføres før det fattes vedtak etter § 12. Karriereveiledningen skal bidra til at den enkelte kan ta informerte valg om arbeid og utdanning og til at introduksjonsprogrammet blir tilpasset den enkeltes behov.

Fylkeskommunen skal sørge for karriereveiledningen. Når karriereveiledningen er gjennomført bør det gis en anbefaling om arbeid eller utdanning for den enkelte deltager innenfor rammen av §§ 13 og 14”.

Denne lova er òg meldt vedtatt i Stortinget denne hausten med verknad frå 1.1.2021.

På denne bakgrunn vel oppdragsgivar utlyse dette anbudet for 1 år 01.01.2021 til 31.12.2021, med opsjon på inntil 3 år (til 31.12. 2024), - med atterhald om at lovene blir vedtekne. Samtidig må det takast atterhald om at departementet kan komme med forskrifter som kan ha noko å seie for Møre og Romsdal fylkeskommune sin måte å drifte det fylkeskommunale karrieresenteret på.

B. Regionar og fordeling

Oppdraget, som består av to deler, lyses ut under eitt. Det skal vere ein leverandør for kvart område.

- del A er det ordinære tilbodet
- del B er rettleiinga vi skal gjere etter ny integreringslov.

Vi set som krav at søkarane må søke på både del A og del B. Dette grunnvir vi med at både ordinær karriererettleiing og rettleiing før introduksjonsprogrammet, er lovpålagte oppgåver som skal ligge til dei fylkeskommunale karrieresentera og at vi ønsker breiast mogleg fagmiljø rundt tenestene.

Det blir inngått kontrakt med ein leverandør for kvar region i oversikta under.

	Område	Antall Leverandø rar (firma)	Ønska plassering
1	Søre Sunnmøre	1	Ørsta
2	Sunnmøre elles	1	Ålesund
3	Romsdal	1	Molde/Åndalsnes
4	Indre Nordmøre	1	Sunnadal/Surnadal
5	Ytre Nordmøre	1	Kristiansund

Unntak del B heile Nordmøre

Nordmøre som samla region (område 4 og 5) har eit omfang på del B som gjer at heile Nordmøre blir sett under eitt. Det betyr at tilbydarar på ytre Nordmøre og indre Nordmøre må gje tilbod på region heile Nordmøre på del B.

Tilbydar som etter evaluering har det beste tilbodet samla sett for Del A og Del B, blir tildelt begge delane. Det vil seie Del B for heile Nordmøre, samt det området for Del A som inngår i den samla evalueringa.

Del A for det andre området blir tildelt til den tilbydaren som er vurdert som best jf sitt tilbod på Del A for dette området.

Det kan gis tilbod på eitt eller fleire geografiske område.

Det skal vere maksimum 1 time reiseveg med kollektivtransport/bil ein veg for brukarane (berre del A).

Alle miljø som fyller krava som er stilte i anbodsdokumenta er velkomne til å søkje. Pga av krav til kontinuitet blir det ikkje inngått avtale med enkeltmannsforetak.

OPPDRAGSBESKRIVING DEL A - KARRIERERETTLEIING FOR VAKSNE I FYLKET.

Karriere Møre og Romsdal er eit tilbod om karriererettleiing for vaksne i fylket.

Det syner seg at mange ønsker å gjere ei forandring i løpet av yrkeskarriera si. I slike høve kan det vere behov for ein samtalepartner. Det kan vere mange grunnar til at det er behov for ein nøytral samtalepartner i samband med yrke og utdanning.

Karriere Møre og Romsdal er og eit tilbod om kompetanseheving av rådgivarar, lærarar, tilsette i NAV og andre som er involvert i karriererettleiing for barn, unge og vaksne.

Rettleiinga skal vere eit desentralisert tilbod i alle innbyggjarane i fylket. Det er ei målsetting at veksøkarane ikkje skal ha meir enn ein time reiseveg kvar veg. Samtidig skal alle få moglegheit til å få rettleiing digitalt.

1. INFORMASJON OM DEL A

1.1 Målsettingane med Karriere Møre og Romsdal

Gi tilbod om gratis karriererettleiing til vaksne i befolkninga.

Bidra til endå fleire kompetente og motiverte arbeidstakarar til næringslivet i Møre og Romsdal gjennom individuelle rettleiingssamtalar, eller grupperettleiing

Kompetanseheving gjennom kurs til privat og offentleg sektor

Bidra til auka gjennomføring av vidaregåande opplæring gjennom kompetanseheving av rådgivarar i skolen

1.2 Målgrupper

- Unge og vaksne over 18 år
- Rådgjevarar
- Lærarar
- Bedrifter
- NAV
- Andre grupper kan være aktuelle for kurs

2. INNHALD I LEVERANSEN

2.1 Karriere Møre og Romsdal skal hjelpe med

- Rettleiing om utdanning og arbeid
- Interessekartlegging
- Råd i arbeidet med å skrive CV eller jobbsøknad
- Råd til jobbintervjuet
- Kurspakkar for privat og offentleg sektor

Vi kan gjennom rettleiing bidra til at veksøkarane auka bevisstheita på kven dei er, kva dei kan, kva dei vil og kva dei interesserer seg for.

2.2 Mengd rettleiingstimer til veksøkarane

Vegsøkaren får tilbod om ei karriererettleiing. I denne samanheng er sjølve rettleiinga definert som 1,5 time, og leverandøren kan totalt bruke 2 klokkeimar medrekna alt arbeid som telefon/epostkontakt i tillegg til sjølve rettleiinga.

Det er ikkje krav om rapportskriving i etterkant av ei rettleiing-

I nokre tilfelle kan ein vegsøkar ha behov for meir enn ei rettleiing. I slike tilfelle skal det vere «heimeleke» og klar målsetting med neste samtale.

Kurspakker og anna oppdrag skal vere på oppdrag frå og planleggjast saman med Karriere Møre og Romsdal.

2.3 Retningslinjer for kvalitet og kvalitetssikring

“Karriereveiledning viser til tjenester og aktiviteter som skal hjelpe personer, uavhengig av alder og tidspunkt i livet, til å ta valg når det gjelder utdanning, opplæring og arbeid, og til å håndtere egen karriere”.

OECDs definisjon (norsk)
Oversatt til norsk av Kompetanse Norge:

Rettleiarane må sikre at kvaliteten på rettleiinga som blir gitt er i samsvar med gjeldande retningslinjer. Rettleiarane må følgje Kompetanse Norge sine føringar for kvalitet i karriererettleiinga.

Kvalitetsrammeverket


Etikk, karrierekompetanse og kompetanstandard.

<https://www.kompetansenorge.no/Karriereveiledning/kvalitet-i-karriereveiledning/oppdatert-versjon-kvalitetsrammeverket/>

Oppgåvene til karriererettleiing blir lovpålagte frå oppstartsdato 1.1.2021. Fylkeskommunen skal sørge for at tenestene er likeverdige og kvalitetsmessig gode i heile fylket.

Tilbydar forpliktar seg til:

- Dialogmøte/evalueringsmøte i juni kvart år (inngår i tilbodet)
- 2 årlege fagdagar for rettleiarane (faktiske kostnader fakturerast oppdragsgivar)
- 4 digitale Teams-møter for rettleiarane med fokus på informasjon, erfaringsdeling og refleksjon (inngår i tilbodet)



2.4 Kursmaterieill

Materieill som vert utarbeidd til individuell rettleiing eller andre oppdrag i betalt tid er Karriere Møre og Romsdal sin eigeidom.

Kopi av materieill; hefte, presentasjonar og liknande skal leggst på felles lagringsstad før oppdraget blir gjennomført (Teams). Materieillet skal vere grunnlag for refleksjon og kvalitetsbetring i tenestene til Karriere Møre og Romsdal.

2.5 Kompetanse

Rettleiarane som er tenkt brukt i rettleiinga blir presentert med CV i tilbodet. I tillegg skal det i tilbodet gjerast ein kort presentasjon av kvar enkelt rettleiar.

Krav til kompetanse er formell rettleiingskompetanse og relevant arbeidspraksis. Rettleiarane må ha erfaring med personleg rettleiing og motivering.

Rettleiarane må ha kompetanse på relevante kartleggingsverktøy og vere oppdatert til ein kvar tid.

Evne til nettverksbygging og å gjere seg kjent i lokal, regional og nasjonal arbeidsmarknad og utdanningsmoglegheiter er viktige eigenskapar.

Løysnings- og moglegheitsfokus skal stå sentralt i rettleiingane. Rettleiarane skal vere klare på at dette tilbodet omfattar karriererettleiing åleine.

Andre behov veggskaren har er ikkje innanfor rettleiaren sitt mandat.

2.6 Rettleiingslokale og teknisk utstyr

Nytting av lokale, med nødvendig teknisk utstyr til rettleiing, er inkludert i timesatsen for karriererettleiingane.

Dette omfattar pc, tilgang til program som kan nyttast til digital rettleiing og telefon.

Lokala skal vere egna for å ta i vare aktivitetar som individuell rettleiing og mindre gruppevise rettleingar. Lokala skal ha tilfredsstillande kvalitet med omsyn til innemiljø, ergonomisk tilpassing og fysisk tilgjengelegheit, jf. Prinsipp og universell utforming.

Utgifter til kopiering og tellesritt dekkes av leverandør.

Leverandør stiller med tilgang til kartleggingsverky.

2.7 Omdømmebygging og informasjon

Tilbodet er avhengig av eit godt omdømme. Rettleiarane er forplikta til å framsnakke tilbodet og dermed bidra til at Karriere Møre og Romsdal når potensielle veksøkarar.

3. EVALUERING, RAPPORTERING, ØKONOMI OG FAKTURERING

3.1 Evaluering

Brukarundersøking

Rettleiarane er forplikta til å sørge for at alle veksøkarane gjennomfører brukarundersøkinga. Brukarundersøkinga er eit viktig reiskap for Karriere Møre og Romsdal og Kompetanse Norge i arbeidet for å betre kvaliteten på rettleiinga.

Evalueringa kjem attende til Karriere Møre og Romsdal på fylkesnivå.

Evaluering av eiga teneste

Rettleiarane deltek i refleksjon og arbeid med kvalitet på tenesta gjennom fagdagar og andre **faste** treffpunkt med Karriere Møre og Romsdal. Det blir gjennomført årlege evalueringsmøte mellom fylkeskommunen og tilbydar.

3.2 Rapportering

- **Rettleiingane:** Det skal månadleg og til fastsett dato rapporterast på rettleiingane etter ein fast rapporteringsmal.
- **Kurs og andre oppdrag:** Det skal utan opphald sendast rapport på gjennomført tiltak etter ein fast rapporteringsmal.

3.3 Økonomi og fakturering

1. Stykkpris per rettleiing: Det er satt av 1,5 time til møtet med veksøkar. Leverandøren kan totalt bruke 2 klokkeimar per rettleiing, denne tida skal inkludere alt arbeid som telefon/e-postkontakt i tillegg til sjølv rettleiinga.
2. Når veksøkar ikkje møter til timen, skal timen fakturerast som 25 % av stykkpris for individuell rettleiing og med kommentar «ikkje møtt».
3. Ved grupperettleiing, kurs og andre avtalte oppdrag skal det fakturerast medgåtte timar. 50% av stykkpris.
4. Ved deltaking på obligatoriske fagdagar fakturerast faktisk kostnad for arbeidstakar time for time.
5. Faktura med vedlegg for gjennomførte rettleiingar, sendes fylkeskommunen månadleg på tildelt skjema. Det er ein føresetnad for utbetaling at fakturagrunnlaget ligg ved fakturaen.
6. Reisetid i arbeidstid fakturerast faktisk kostnad for arbeidstakar time for time. Reisetid utanom arbeidstid fakturerast som 1/3 time.

7. Tilbydar betalar ut reiseutgiftene til rettleiarane og vidarefakturerer månadleg saman med rettleiingstimane. Kopi av reiserekningane skal leggest ved. Statens reiseregulativ skal nyttast.
8. Responstida skal vere 3 verkedagar frå oppdraget blir tildelt.
9. Tenestene er ikkje momsplichtige.

OPPDRAGSBESKRIVING DEL B - KARRIERERETTLEIING FOR PERSONAR I

INTRODUKSJONSPROGRAMMET.

4. INFORMASJON OM TILBODET

4.1 Målsettingane med rettleiingane

Personar som inngår i målgruppa for introduksjonsprogrammet, skal etter forslaget til ny integreringslov, få rett og plikt til å gjennomføre karriererettleiing. Karriererettleiinga skal bidra til at den enkelte kan ta informerte val om arbeid og utdanning. Karriererettleiinga skal vere eit grunnlag for individuell plan og rettleiaren skal gi ei anbefaling som vil vere nyttig for kommunen i fastsettinga av slutt mål og i utforming av introduksjonsprogrammet. Karriererettleiinga skal bygge på kompetansekartlegginga som er gjort før busetting.

4.2 Målgruppe

- Deltakarar i introduksjonsprogrammet

5. INNHOLD I LEVERANSEN

5.1 Karriere Møre og Romsdal skal hjelpe med

- At den enkelte kan ta informerte val om arbeid og utdanning, og til at introduksjonsprogrammet blir tilpassa den enkelte sitt behov. Dette skal skje i samarbeid med kommunen helst i ein trekantsamtale der programrådgivar er med på rettleiinga.
- Gje ei anbefaling, i form av ein rapport, etter rettleiinga om karrierevegen som det skal arbeidast mot i introduksjonsprogrammet for den enkelte deltakar. Rapportmal vil føreligge.

5.2 Mengd rettleiingstimer til vegsøkarane

Vegsøkaren har rett og plikt til 1,5 time individuell rettleiing. Med for- og etterarbeid for rettleiar, reknast ei rettleiing som 3 klokke timar. Reisegodtgjering etter gjeldande satsar.

5.3 Retningsliner for kvalitet og kvalitetssikring

“Karriereveiledning viser til tjenester og aktiviteter som skal hjelpe personer, uavhengig av alder og tidspunkt i livet, til å ta valg når det gjelder utdanning, opplæring og arbeid, og til å håndtere egen karriere”.

OECDs definisjon (norsk)
Oversatt til norsk av Kompetanse Norge:

Rettleiarane må sikre at kvaliteten på rettleiinga som blir gitt er i samsvar med gjeldande retningsliner.

Rettleiarane må følgje Kompetanse Norge sine føringar for kvalitet i karriererettleiinga.

Kvalitetsrammeverket

Etikk, karrierekompetanse og kompetansestandard.


<https://www.kompetansenorge.no/Karriereveiledning/kvalitet-i-karriereveiledning/oppdatert-versjon-kvalitetsrammeverket/>

Kvalitetssikring

Oppgåvene til karriererettleiing blir lovpålagte frå oppstartsdato 1.1.2021. Fylkeskommunen skal sørge for at tenestene er likeverdige og kvalitetsmessig gode i heile fylket.

Tilbydar forpliktar seg til:

- Dialogmøte/evalueringsmøte i juni kvart år (inngår i tilbudet)
- 2 årlege fagdagar for rettleiarane (faktiske kostnader fakturerast oppdragsgivar)
- 4 digitale Teams-møter for rettleiarane med fokus på informasjon, erfaringsdeling og refleksjon (inngår i tilbudet)



5.4 Kursmateriell

Materiell som vert utarbeidd til individuell rettleiing eller andre oppdrag i betalt tid er Karriere Møre og Romsdal sin eigedom.

Kopi av materiell; hefte, presentasjonar og liknande skal leggjast på felles lagringsstad før oppdraget blir gjennomført (Teams). Materiellet skal vere grunnlag for refleksjon og kvalitetsbetring i tenestene til karriere Møre og Romsdal.

5.5 Kompetanse

Rettleiarane som er tenkt brukt i rettleiinga blir presentert med CV i tilbudet. I tillegg skal det i tilbudet gjerast ein kort presentasjon av kvar enkelt rettleiar.

Krav til kompetanse er formell rettleiingskompetanse og relevant arbeidspraksis. Rettleiarane må ha erfaring med personleg rettleiing og motivering.

Rettleiarane må ha kompetanse på relevante kartleggingsverktøy og vere oppdatert til ein kvar tid.

Evne til nettverksbygging og å gjere seg kjent i lokal, regional og nasjonal arbeidsmarknad og utdanningsmoglegheiter er viktige eigenskapar.

Løysnings- og moglegheitsfokuset skal stå sentralt i rettleiingane. Rettleiarane skal vere klare på at dette tilbudet omfattar karriererettleiing aleine.

Andre behov vegsøkaren har er ikkje innanfor rettleiaren sitt mandat.

Her vil vi ha eit team på 4 karriererettleiarar, ein i kvar region, som skal gjere dette arbeidet for fylkeskommunen. Desse rettleiarane vil få tilbod om kompetanseheving på feltet frå Kompetanse Norge og Universitetet i Sørøst- Norge. Dette teamet skal ta alle desse rettleiingane og vere back-up for kvarandre, også utanfor sitt geografiske område, i samarbeid med utdanningsavdelinga i fylkeskommunen. Denne tenesta blir levert ute i kommunane, så rettleiarane må disponere bil. Rettleiinga skjer med tolk.

5.6 Rettleiingslokale og teknisk utstyr

Rettleiingane vil gå føre seg i kommunane sine lokalar. Rettleiar må ta med eigen PC. Utgifter til kopiering og telleskritt dekkes av leverandør. Leverandør stiller med tilgang til kartleggingsverktøy.

5.7 Omdømmebygging og informasjon

Tilbodet er avhengig av eit godt omdømme. Rettleiarane er forplikta til å framsnakke tilbodet og dermed bidra til at Karriere Møre og Romsdal når potensielle vegsøkarar.

6. EVALUERING, RAPPORTERING, ØKONOMI OG FAKTURERING

6.1 Evaluering

Evaluering av denne tenesta vil skje gjennom dialog mellom kommunane og fylkeskommunen.

6.2 Rapportering

- Rettleiar skal skrive rapport til kommunane etter kvar rettleiing, desse skal være kommunane i hende seinast etter 5 verkedagar.

6.3 Økonomi og fakturering

1. Stykkpris per rettleiing: 1,5 time individuell rettleiing, med for- og etterarbeid for rettleiar, reknast ei rettleiing som 3 klokketimar.
2. Det skal sendast inn faktura med vedlagt fakturagrunnlag for all aktivitet til ein bestemt dato kvar månad. Det er ein føresetnad for utbetaling at fakturagrunnlaget ligg ved fakturaen.
3. Dei individuelle rettleiingane vert ført i eige fast skjema per rettleiing.